

Sluttrapport:

10/03/2021

Psykologkompetanse til kommunane: modell for å rekruttere og behalde

- Eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane i Nordhordland, BUP Nordhordland og Bjørgvin DPS

REGION
NORDHORDLAND

Innhald

1. Samandrag.....	2
2. Bakgrunn.....	3
2.1 Forprosjekt; kunnskapsgrunnlag og idèutvikling.....	3
2.2 Vidareføring av forprosjekt; konkretisering og vidareutvikling	3
3. Samarbeid om rekrutteringstiltak	4
3.2 Samarbeid om formalisert fagmiljø.....	5
3.3 Andre moglege samarbeid	6
3.4 Samarbeidsavtalar	7
4. Prosjektskisse: Pilotering av 5-årig prosjekt.....	8
5. Kostnadar- og finanseringsmodell.....	9
5.1 Estimerte kostnader	9
5.2 Finanseringsmodell.....	10
6. Oppsummering og tilrådingar	11
7. Kjelder.....	12
8. Vedlegg.....	13
8.1 Rammeplan for KOMPIS-stillingar	13
8.2 Skisse til 5-årig pilotprosjekt.....	13
8.3 Forslag til særavtale for samarbeid om spesialisering av psykologar i kommunane	13
8.4 Forslag til interkommunal avtale om psykologstillingar i spesialisering i kommunane (KOMPIS-stillingar)	13
8.5 Mandat for vidareføringsfase 2020/21	13



1. Samandrag

Rekruttering av fleire psykologar til dei kommunale helse- og omsorgstenestene har vore ei av regjeringa sine satsingar for å styrke kvalitet og kompetanse i det tverrfaglege arbeidet innan psykisk helse og rusfeltet i kommunen.¹ Psykologkompetanse er nyttig i både førebyggjande arbeid, systemarbeid og i det kliniske behandlingstilbodet i kommunane.

Sjølv etter fleire år med tilskotsordningar, samt endringa i lovkravet om psykolog som del av kjernekompetansen i den kommunale helse- og omsorgstenesta, har mange kommunar hatt utfordringar med å rekruttere og å halde på psykologar over tid.²

Med bakgrunn i disse utfordringane, har kommunar i Region Nordhordland saman med Helse Bergen HF gjennomført eit forprosjekt for utarbeiding av samarbeidsmodell med mål om å auka rekruttering av psykologar til kommunane og regionen. Dei langsiktige effektmåla er:

- Auka rekruttering til eit stabilt fagmiljø med psykologkompetanse som dekkjer lovkravet og det regionale behovet
- Interkommunale og tverrfaglege samarbeidsstrukturar som legg til rette for eit forskingsbasert og utviklande tenestetilbod innan helse- og rus
- Gode samarbeidsstrukturar mellom kommunar og spesialisthelse.

Gjennom forprosjektet har det vore utarbeida ein samarbeidsmodell, og hovudtiltak i dette er samarbeid om tilrettelegging for;

- spesialisering av psykologar tilsett i kommunar, med praksis i både kommunar og spesialisthelsetenester (KOMPIS-stillingar),
- utvikling av felles fagmiljø knyttet til Region Nordhordland Helsehus.

Det er utarbeida framlegg til rammeplan for KOMPIS-stillingar med tilrådingar for organisering, innhald og praksisfordeling mellom kommunar og spesialisthelsetenester, samt tilrådingar for utvikling av fagmiljø og berekning av kostnader for gjennomføring i ein 5-års periode.

Det er vidare utarbeida framlegg til prosjektskisse for pilotprosjekt med utprøving av tiltaka, som kan danne grunnlag for søknader om eksterne midlar.

Det er også utarbeida framlegg til malar for samarbeidsavtalar; lokal særavtale mellom kommunar og helseforetak om tilrettelegging og forpliktingar i samarbeid om spesialisering, samt samarbeidsavtale mellom kommunar om interkommunale KOMPIS-stillingar.

Tilrådingar til vidare prosess:

- Forankring- og bearbeidingsprosess for rammeplan for KOMPIS-stillingar.
- Søkje eksterne midlar og tilskot til pilotprosjekt for utprøving av samarbeidsmodell.
- Vurdere vidare forankringsprosess for inngåing av lokal særavtale mellom kommunar og Helse Bergen HF om samarbeid mellom spesialisthelsetenester og kommunar om spesialisering av psykologar, jf. rammeplan for KOMPIS-stillingar.
- Vurdere vidare forankringsprosess for inngåing av interkommunalt samarbeid om tilsetjing av psykologar til KOMPIS-stillingar.

¹ Jamfør tidlegare tilskotsordning frå Helsedirektoratet til rekruttering av psykologar i kommunar.

² Lov om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-2.

2. Bakgrunn


2.1 Forprosjekt; kunnskapsgrunnlag og idèutvikling

I 2019 gjekk kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås*, Masfjorden, Meland*, Osterøy og Radøy*³ saman med Helse Bergen HF og starta eit forprosjekt etter eit lokalt initiativ forankra i Regionrådet i Nordhordland 26.10.2018. Forprosjektet hadde som mål å utarbeide moglege samarbeidsmodellar med mål om å auka rekruttering av psykologar til kommunane og gje stabilitet i tilgang til slik kompetanse i regionen.

Kommunalsjefane for helse- og omsorgstenestene fekk i oppdrag å danne styringsgruppe for prosjektet, saman med representant frå Helse Bergen HF. Det vart vidare danna ei prosjektgruppe med representantar frå Fagråd for psykisk helse og rus i Nordhordland, Fagrådet for kommuneoverlegar, Helse Bergen HF (BUP Nordhordland og Bjørgvin DPS), Norsk Psykologforening, og Region Nordhordland (koordinerande rolle). Forprosjektet fekk tildelt 200 000,- i prosjektskjøn frå Fylkesmannen i Vestland⁴ i 2019.

Forprosjektet resulterte i eit forslag til ein samarbeidsmodell for å rekruttere psykologkompetanse til kommunane, der hovudtiltaka var samarbeid mellom kommunar og spesialisthelsetenester om tilrettelegging for spesialiserings-stillingar og utvikling av regionalt fagmiljø.⁵ Det vart utarbeida ei skisse over det prosjektgruppa kalla KOMPIS-modellen; eit grunnlag til eit spesialiseringsløp for kommunepsykologar i spesialisering.

Styringsgruppa handsama prosjektrapporten (datert 14.02.2020) for dette arbeidet i møtet 21.02.2020, og vedtok at det skulle søkast midlar til ein vidareføringsfase i 2020/21 for å konkretisere og tilpasse forslag til samarbeidsmodell etter drøftingane i styringsgruppa, samt planlegging av vidare prosess for utprøving av samarbeidsmodellen gjennom eit pilotprosjekt.



Figur 1: Hovudprosjektet inndelt i faser

2.2 Vidareføring av forprosjekt; konkretisering og vidareutvikling

Hovudinnhaldet i vidareføring av forprosjektet har vore å konkretisere samarbeidsmodellen, avklare organisering, omfang og kostnader for tiltaka, og å utarbeida forslag til avtalar for å legge til rette for gjennomføring av pilotering/utprøving av modellen. Det er motteke kr 300 000,- i prosjektmidlar frå Statsforvaltaren og H-dir til dette arbeidet (skjønsmidlar og kompetanse- og innovasjonstilskot).

Styringsgruppa vedtok mandat for arbeidet i vidareføringa i møtet 28.08.2020 (vedlagt), og rådgjevar frå NUI/Region Nordhordland fekk i oppdrag å følgje opp mandatet. Det vart vidare oppnemnt ressurskontaktar for å bidra i oppfølgingsarbeidet ved behov. Prosjektmidlane er nytta til prosjektkoordinering og administrasjon i 2020/21. Det har vore estimert med ca. 50 % eigeninnsats frå samarbeidspartane. Denne prosjektrapporten viser til arbeid som er gjort i oppfølginga av dette mandatet.

³ *Frå 01.01.2020 er kommunane Lindås, Meland og Radøy slått seg saman til Alver kommune.

⁴ Frå 2021: Statsforvaltaren i Vestland.

⁵ Prosjektrapport 14.02.2020, Psykologkompetanse til kommunane: modell for å rekruttere og behalde.

3. Samarbeid om rekrutteringstiltak

3.1 Konkretisering av KOMPIS-stillingar

Det er utarbeida framlegg til rammeplan for KOMPIS-stillingar (vedlagt). Rammeplanen inneheldt informasjon om praksiskrav til aktuelle spesialiteter, tilrådingar til organisering, innhald og praksisfordeling mellom kommunar og spesialisthelsetenester, samt tilrådingar for utvikling av fagmiljø og berekning av kostnader for gjennomføring i ein 5-års periode.

Framlegget er utarbeida etter dialogmøter med ressurskontaktar frå kommunane og spesialisthelsetenesta, samt rådgjevarar i Norsk Psykologforening.

I framlegget er det tatt utgangspunkt i at kommunane har det overordna ansvaret for oppfølging av stillingane i desse 5 åra, men at spesialisthelsetenestene har formelt arbeidsgjevaransvar og dekker kostnadene for den tida psykologane er i praksis her.

I praksisperioden planleggast det for at psykologane vert ivaretatt innan desse rammene:

- **Arbeidsgjevaransvar**

Stillingane er faste interkommunale stillingar, med permisjon til praksisår i spesialisthelsetenesta. KOMPIS-stillingane vert ivareteke av ein ansvarleg kommune jamfør interkommunal samarbeidsavtale.

Etter individuell avtale mellom psykologen, ansvarleg kommune og spesialisthelseteneste, vil det bli lagt til rette for permisjon frå stillinga for praksis i aktuell spesialisthelseteneste.

- **Løn- og personalansvar**

Det er foreslått at kommunane organiserer stillingane som eit vertskommunesamarbeid, der ein kommune får det administrative ansvaret (vertskommune). Psykologane vil formelt sett få løn og svare til felles leiging gjennom ein slik organisering, sjølv om dei arbeider tett med alle dei samarbeidande kommunane.

Det året/åra der psykologane har permisjon til praksis i spesialisthelsetenestene, vil gjeldande arbeidsstad ha det formelle løn- og personalansvaret.

Det er foreslått at det vert lagt til rette for utvikling av fagmiljø- og samhandling for psykologane på tvers av nivå.

- **Hovudoppgåver/fokusområde:**

Rammeplanen skisserer nærare forslag til praksisfordeling og innhald av praksisen, samt krav til spesialitetane. Ved tilsetning og inngåing av arbeidsavtale for psykologen, bør det leggast til rette for ein nærare dialog kring hovudoppgåver og fokusområde for stillinga saman med psykologane som vert tilsett.


Det er foreslått at KOMPIS-psykologane i stor grad bør vere knytt til Helsehuset, anten ved praksis i ein av tenestene i bygget, ved møte- og kursdeltaking i «kunnskapsenteret», ved å legge til rette for at KOMPIS-psykologane kan få faste kontorfasilitetar i eller i nærleiken av Helsehuset, og vere eit bindeledd til helsehuset gjennom praksistid i omkringliggende tenester i kommunar i regionen.

Det er i rammeplan for KOMPIS-stillingar foreslått at ein legger til rette for at KOMPIS-psykologane samarbeider gjennom;

- Felles kontortid/faste møter mellom KOMPIS-psykologane
- Kontortid/faste møter med førstelineteneste/tverrfagleg miljø i kvar kommune
- Faste fagmøter med psykologar tilsett i dei samarbeidande kommunane
- Faste fag- og nettverksmøter med psykologar knytt til helsehuset.

3.2 Samarbeid om formalisert fagmiljø

Under er skisse til modell av det regionale fagmiljøet som det er foreslått å legge til rette for, og som KOMPIS-psykologar vil vere del av:



Skissa viser dei ulike samarbeidspartane, innhald i KOMPIS-stillingar, og rammer for felles fagmiljø.

Det er foreslått at samarbeidspartane legg til rette for utvikling av eit felles fagmiljø for psykologar i- og rundt Helsehuset;

- ❖ Intern fagbase - KOMPIS-psykologane
Ein felles kontorbase/oppmøtestad for KOMPIS-psykologane vil kunne auka rekrutteringa til stillingane, samt bidra til auka samarbeid og erfaringsdeling mellom KOMPIS-psykologane. Dette er også viktig med tanke på felles oppfølging og vurdering av rammene for stillingane, tilrettelegging for praksis, rettleiing og kurs.
Det kan også bidra til auka fleksibilitet for kompis-psykologane og det interkommunale tilbodet, dersom psykologane kan møte tilsette og pasientar både i helsehuset og ute i kommunane.
- ❖ Regionalt fagmiljø – kommunepsykologar i regionen
Ein del av praksisen kan vere å delta i faste fagmøter med kommunepsykologar, både KOMPIS-psykologar og andre fast tilsette kommunepsykologar i regionen. Dette kan til dømes skje gjennom faste felles møter i Region Nordhordland Helsehus, t.d. kvar eller annan kvar veke, der ein kan drøfte erfaringar, utfordringar, oppfølging av ulike målgrupper, tenestetilbod i dei enkelte kommunane og kunnskapsutveksling.
- ❖ Fagnettverk – psykologar i både kommunar og spesialisthelsetenester
Faste nettverksmøter mellom psykologar i både kommunar og spesialisthelsetenester kan danne grunnlag for auka samhandling mellom tenestenivåa og bidra til kompetanseheving.

Det er foreslått at ein i kostnadestimatet tek med frikjøp av koordinerande ressurs for oppfølging av samarbeidsavtalar og utprøvinga gjennom pilotprosjektet. Ein koordinerande ressurs kan vere ein pådrivar i tilrettelegging for utviklinga av slike fagmiljø og nettverk. Dette kan til dømes formaliserast gjennom samarbeidsavtalane.

3.3 Andre moglege samarbeid

Samarbeid om psykologstillingar

Det har vore drøfta om ein i samarbeidsprosjektet skulle legge til grunn interkommunale psykologstillingar som ikkje var knytt til KOMPIS-modellen. Bakgrunn for dette har vore at fleire faste stillingar ville kunne gje eit meir stabilt internt fagmiljø.

Det er i vidareføringsfasen konkretisert nærare korleis praksis og innhald i KOMPIS-modellen likevel kan sørgje for ei god psykologdekning for kommunar utan psykologstillingar som ikkje er i eit spesialiseringssløp. Det er likevel ikkje utelukka at kommunane kan velje å samarbeide om interkommunale psykologstillingar utanom KOMPIS-stillingane. Dersom kommunar ønskjer å gjere dette, kan ein bygge på forslag til organisering, avtalar og funksjonsskildringa og forslag til hovudoppgåver for psykologar i kommunar.

Utvikling av samarbeid mellom kommunar og UiB

Det har vore ein drøftingsdialog med Universitet i Bergen (UiB) kring moglegheiter for samarbeid om Dobbeltkompetanseprosjektet; ein utprøving av psykologstillingar der psykologen både er stipendiat ved UiB og har ein spesialiseringsstilling i kommunane. Styringsgruppa fekk framlagt eit notat med kostnadsestimat og vurdering av gevinstar ved å vere med i eit slikt prosjekt. Styringsgruppa ga tilbakemelding om at ein ville avvente med å forplikte seg til prosjektet på dåverande tidspunkt, mellom anna med grunnlag i at ein ville ha fokus på vidareutvikling av KOMPIS-modellen og samarbeidet kring denne.

Eit anna tiltak som det var peika på i forprosjektet var moglegheita for samarbeid kring studentpraksis. Dersom samarbeidspartane går vidare med satsinga på KOMPIS-stillingar og tilrettelegging av fagmiljø, vil det kunne vere lettare å sette i gang ein tilrettelegging av studentpraksis i kommunane. Inngåing og oppfølging av avtale med UiB om studentpraksis vil kunne til dømes leggast til ein eventuell koordineringsressurs.

Utvikling av nye samarbeid mellom kommunar og spesialisthelsetenester

Ein av dei langsiktige effektmåla som har vore skildra i prosjektet er utviklinga av gode samarbeidsstrukturer mellom kommunar og spesialisthelsetenester som bygger oppunder kompetanseutvikling og felles fag- og tenesteutvikling innan psykisk helse og rus. Dersom ein gjennom eit pilotering legg til rette for at KOMPIS-psykologane kan ha eit auka fokus på samhandling mellom tenestenivå og det vert lagt til rette for utviklinga av eit felles fagnettverk, vil dette kunne bidra til å realisere dette effektmålet.

Nokre av tiltak på sikt kan til dømes vere samarbeid om kurs og fagdagar, samt å legge til rette for hospitering mellom tenestenivåa.

3.4 Samarbeidsavtalar

Det er utarbeida framlegg til malar for samarbeidsavtalar (vedlagt):

- ❖ lokal særavtale mellom kommunar og helseforetak om tilrettelegging og forplikningar i samarbeid om spesialisering,
- ❖ samarbeidsavtale mellom kommunar om interkommunale KOMPIS-stillingar.

Dersom samarbeidspartane ønskjer å inngå slike avtalar, bør ein involvere juridisk kompetanse og sekretariat for samarbeidsutval i vidare prosess.

Det vert foreslått at prosjekterande/eigar-/vertskommunen har arbeidsgjevaransvar, ansvar for utbetaling av løn og anna oppfølging i periodene psykologane har kommunal praksis. Samarbeidskommunane bør i ein avtale konkretisere korleis oppfølging og koordinering av dette eventuelt kan frikjøpast.


Dersom kommunar velgjer å inngå i eit administrativt vertskommunesamarbeid, er det dei enkelte kommunestyra som skal vedta samarbeidsavtalen, og det er nærare bestemningar til kva avtalen skal innehalde og krav til samarbeidet.

4. Prosjektskisse: Pilotering av 5-årig prosjekt

Vedlagt rapporten er framlegg til ei prosjektskisse for eit 5-årig pilotprosjekt. Skissa er utarbeida for å danne grunnlag for søknader til eksterne midlar. Prosjektskissa skildrar mellom anna forslag til bakgrunn, mål, organisering, framdriftsplan og budsjett. Rammeplan for KOMPIS-stillingar og prosjektrapporten vert lagt ved saman med prosjektskissa i søknadene.

Innovasjonsprosjektet har som mål å gjennomføre utprøving av samarbeidsmodellen om interkommunale KOMPIS-stillingar. Det skal vidare etablerast regionalt fagmiljø knytt til desse stillingane og andre psykologar i kommunar og spesialisthelsetenester.

Vidare prosess vil bygge på forankringsbehov og framdrift i inngåing av avtalar mellom samarbeidspartane om å satse på utprøving av samarbeidsmodellen gjennom eit innovasjonsprosjekt. Under er ein skissert framdriftsplan, med utgangspunkt i at samarbeidspartane er klare til å inngå samarbeidsavtalar i juni 2021:



Figur 1: Framdriftsplan 2021 - 2026

Det er undersøkt moglegheiter for midlar til å dekke deler av kostnadene for utprøving av KOMPIS-stillingar og gjennomføring av eit pilotprosjekt over 5 år. Eksterne midler er i hovudsak tenkt å dekke opp dei kostnadene kommunane får ved utprøving og gjennomføring, grunna det utvida ansvaret og dei økonomiske rammene. Eksterne midlar knytt til forsking og evaluering av utprøvinga, vil gje nytteverdi for alle samarbeidspartar.

Dersom styringsgruppa godkjenner prosjektskissa, er det tilrådd å søke om eksterne midlar gjennom:

- Innovasjon- og kompetansemidlar
H-dir/Statforvaltaren, frist 22. mars 2021.
- Program for distriktsmedisinsk forsking og fagutvikling
Nasjonalt Senter for Distriktsmedisin (NSDM), frist 15. september 2021.
- Nasjonale midlar
Det er blitt signalisert at det skal utarbeidast eit Dok 8-forslag (representantforslag til Stortinget) i løpet av våren 2021 om støtte til innovasjonsprosjekt om rekruttering gjennom samarbeidsmodell om spesialiseringsstillingar.

5. Kostnader- og finanseringsmodell

Det er utarbeida estimerte kostnader og forslag til finansering, og desse ligg også som ein del av framlegg til rammeplan for KOMPIS-stillingar.

5.1 Estimerte kostnader

Til grunn for kostnadene foreslås det ein startløn på om lag kr 550 000. I 2020 var dette minimumsløn til ein psykolog utan spesialisering tilsett i spesialisthelsetenesta, og det vert derfor tilrådd å ikkje tilby lågare løn enn dette. Løn kan samtidig vere ein rekrutteringsfaktor i seg sjølv, og gjennomsnitleg løn for kommunalt tilsette psykologar ligg rundt 620 000 kr. KOMPIS-stillingar er i utgangspunktet utdanningsstillingar, og tradisjonelt sett har slike stillingar hatt ein lågare lønsramme (jamfør t.d. trainee-stillingar).

Under er estimerte kostnader for eit år med fem KOMPIS-stillingar, samt koordinatorressurs. Det er i rammeplanen for KOMPIS-stillingar også utarbeida estimerte kostnader for sju stillingar.

Kostnader (5 årsverk + koordinering)	2021/2022
Lønnsutgifter med sosiale utgifter	Kr 3 800 000
Reiseutgifter, arrangement, møter, konferanser, obligatoriske kurs knytt til spesialitet	Kr 500 000
Driftsutgifter, forbruksmateriell og kontortenester	Kr 500 000
Konsulenttenester/prosjektkoordinator	Kr 200 000
Totalt	Kr 5 000 000

Under er estimerte kostnader for 5 år med fem KOMPIS-stillingar, inkludert frikjøp av koordinatorressurs og midlar til følgjeforskning. Det er i rammeplanen for KOMPIS-stillingar også utarbeida estimerte kostnader for sju stillingar. Årleg lønsvekst vil vere regulert av hovedteriffavtalen kapittel 5, og kan ikkje førehandsdefineras.

Kostnader	År 1	År 2	År 3	År 4	År 5	Totalt gjennom 5 år
Kostnader 5 K-stillingar inkl. sos., kurs, administrasjon	Kr 4 800 000	Kr 5 000 000	Kr 5 200 000	Kr 5 400 000	Kr 5 600 000	Kr 26 000 000
Konsulenttenester/prosjektkoordinator	Kr 200 000	Kr 200 000	Kr 200 000	Kr 200 000	Kr 200 000	Kr 1 000 000
Følgjeforskning	Kr 100 000	Kr 100 000	Kr 100 000	Kr 100 000	Kr 100 000	Kr 500 000
Totalt	Kr 5 100 000	Kr 5 300 000	Kr 5 500 000	Kr 5 700 000	Kr 5 900 000	Kr 27 500 000

5.2 Finanseringsmodell

Det vert foreslått at samarbeidskommunane dekker grunnfinansering av løn til KOMPIS-stillingane over 5 år, og at det vert inngått ein avtale med føremålstenleg kostnadsfordeling internt mellom kommunane. Spesialisthelsetenestene dekker løn i praksisperioden psykologane er tilsett hos dei. Det er vidare foreslått at det vert søkt om eksterne midlar og tilskot til gjennomføringa av pilotprosjektet.

Under er estimert kostnadsinndekking for ei satsing på 5 KOMPIS-stillingar med selvfinansering og eksterne midlar over fem år.

Finansiering	År 1	År 2	År 3	År 4	År 5	Totalt gjennom 5 år
Samarbeidande kommunar	kr 3 400 000	kr 2 100 000	kr 2 100 000	kr 2 100 000	kr 2 100 000	Kr 11 800 000
Helseforetak (kostnader for KOMPIS-stillingar i praksisperioden)		kr 2 000 000 (2 stillingar)	kr 2 080 000 (2 stillingar)	kr 3 240 000 (3 stillingar)		Kr 7 320 000
Eksterne midlar	kr 1 700 000	kr 1 700 000	kr 1 700 000	kr 1 700 000	kr 1 700 000	Kr 8 500 000
Totale inntekter	kr 5 100 000	kr 5 800 000	kr 5 880 000	kr 7 040 000	kr 3 800 000	kr 27 620 000
<i>Til inndekking i løpet av 5 år:</i>	<i>kr 0</i>	<i>kr 500 000</i>	<i>kr 380 000</i>	<i>kr 1 340 000</i>	<i>-kr 2 100 000</i>	<i>Buffer: 120 000</i>

I forslag til finanseringsmodell legg ein til grunn at eksterne midlar kan tilsvare om lag 1/3 av kostnadene. Desse midlane vil dekke oppunder den interkommunale satsinga på utprøving av KOMPIS-stillingar med koordinering og prosjektoppfølgning over fem år. Helse Bergen HF står fritt til å eventuelt søkje tilskot til lønskostnader for KOMPIS-psykologar som har praksis i spesialisthelsetenesta.

Det interkommunale samarbeide må i eventuelt vidare prosess vurdere føremålstenleg kostnadsfordeling. I framlegg til rammeplan for KOMPIS-stillingar, er det foreslått at ein legg til grunn ein lik fordeling mellom kommunane, for å sikre ein likeverdig og heilheitleg tilnærming til regionen, tilpassing til behova til kommunane, fleksibilitet og minske sårbarheit med tanke på permisjonar til praksis i spesialisthelsetenesta og eventuelt andre permisjonar eller fråvær (som til dømes foreldrepermisjon). Dei største kommunane i samarbeidet har allereie tilsette med psykologkompetanse i sine kommunar, medan fleirtalet av dei minste kommunane ikkje har det, og det er såleis ulike behov til funksjon og oppgåver til KOMPIS-psykologane.

Under er døme på lik kostnadsfordeling med 5 kompiss-stillingar, jf. finanseringsmodell:

Stillingsprosent interkommunale stillingar	500 %	300 %	300 %	200 %	500 %	1800 %
*Døme nøkkelfordeling	2022	2023	2024	2025	2026	Totalt per kommune over 5 år
7 kommunar lik fordeling:	kr 485 714	kr 300 000	kr 300 000	kr 300 000	kr 300 000	Kr 1 685 714
6 kommunar lik fordeling:	kr 566 667	Kr 350 000	Kr 350 000	Kr 350 000	Kr 350 000	kr 1 966 667
5 kommunar lik fordeling:	kr 680 000	kr 420 000	kr 420 000	kr 420 000	kr 420 000	kr 2 360 000
4 kommunar lik fordeling:	kr 850 000	kr 525 000	kr 525 000	kr 525 000	kr 525 000	kr 2 950 000

6. Oppsummering og tilrådingar

Dette arbeidet er utført med bakgrunn i prosjektmandat for 2020/21 som er godkjent av styringsgruppa for prosjektet. Det er med bakgrunn i prosjektmandatet utarbeida konkretisering av samarbeidsmodellen KOMPIS, med særleg fokus på organisering, innhald og kostnad kring KOMPIS-stillingar (kommunepsykologar i spesialisering). Framlegg til rammeplan for KOMPIS-stillingar er resultatet av dette arbeidet og ligg vedlagt rapporten. Informasjonen som ligg til grunnlag for forslaga og vurderingane er i stor grad henta frå aktuelle lovkrav og Norsk Psykologforening sine nettsider om spesialiteter, og elles via dialogmøter med representantar frå kommunar, spesialisthelsetenester, UiB og Norsk Psykologforening.

Det er vidare utarbeida skisse til 5-årig pilotprosjekt (vedlagt) som kan danne grunnlag for søknadar om eksterne midlar, saman med rammeplanen for KOMPIS-stillingar.

Det er til slutt utarbeida framlegg til enkle malar for lokal særavtale og for interkommunal samarbeidsavtale (vedlagt) som tek utgangspunkt i gjeldande avtalestruktur mellom kommunar og helseforetak, samt lovkrav for slike avtalar. Dersom samarbeidspartane ønskjer å inngå slike avtalar, bør ein involvere juridisk kompetanse og sekretariat for samarbeidsutval i vidare prosess.

Prosjektets resultatmål har i vidareføringsfasen vore (jf. mandat):

- *Godkjent(e) avtale(r) om interkommunalt samarbeid*
- *Godkjent avtale om samarbeid om «KOMPIS»*
- *Forslag til finansering*
- *Eventuelle avtalar med UiB eller andre forskingsmiljø/utdanningsinstitusjonar*
- *Forslag til prosjektskisse for gjennomføring av pilotprosjekt.*

Framlegg til organisering, innhald, kostnadsestimat og finansering føreligg til vidare vurdering og bearbeiding, og kan danne grunnlaget for samarbeid formalisert gjennom avtalar.

Under er tilrådingar til vidare steg i prosessen fram til eventuell utprøving av samarbeidsmodellen:

- Forankring- og bearbeidingsprosess for rammeplan for KOMPIS-stillingar.
- Søkje eksterne midlar og tilskot til pilotprosjekt for utprøving av samarbeidsmodell.
- Vurdere vidare forankringsprosess for inngåing av lokal særavtale mellom kommunar og Helse Bergen HF om samarbeid mellom spesialisthelsetenester og kommunar om spesialisering av psykologar, jf. rammeplan for KOMPIS-stillingar.
- Vurdere vidare forankringsprosess for inngåing av interkommunalt samarbeid om tilsetjing av psykologar til KOMPIS-stillingar.

7. Kjelder

- Helsedirektoratet:
 - <https://www.helsedirektoratet.no/tilskudd/psykologer-i-de-kommunale-helse-og-omsorgstjenestene>
 - Rettleiaren «Sammen om mestring» (2014)
- Helse Bergen:
 - <https://helse-bergen.no/fag-og-forskning/samhandling>
 - <https://helse-bergen.no/avdelinger/psykisk-helsevern/psykisk-helsevern-for-barn-og-unge>
 - <https://helse-bergen.no/avdelinger/psykisk-helsevern/bjorgvin-distriktpspsykiatriske-senter>
- Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester (helse- og omsorgstjenesteloven)
- «Mestre hele livet – Regjeringens strategi for god psykisk helse» (2017 – 2022)
- NAPHA –Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helsearbeid
 - <https://www.napha.no/>
 - Ideheftet «Psykolog i kommunen – en medspiller» (2016)
- Norsk psykologforening
 - www.psykologforeningen.no
 - «Klinisk praksis og kompetansebehov blant psykologer i kommunene – Rapport fra Psykologforeningens ad hoc utvalg» (2016 – 2017)
 - <https://www.psykologforeningen.no/medlem/kurs-og-utdanning/spesialistutdanningen/spesialitetene-i-psykologi/reglement-for-spesialitetene-i-psykologi>.
- Profesjon psykologi ved Universitet i Bergen:
 - <https://www.uib.no/studier/PRPSYK>
- Samarbeidsavtalar mellom kommunane og Helse Bergen:
 - <https://saman.no/samarbeidsavtalar>
- Sintef
 - «Vurdering av Helsedirektoratets modellutprøving og tilskudd til psykologer i kommunen» (2013)
 - «Delevalusering av tilskudd til rekruttering av psykologer i kommunale helse- og omsorgstjenester» (2018): <https://www.sintef.no/prosjekter/delevaluering-av-tilskudd-til-rekruttering-av-psykologer-i-kommunale-helse-og-omsorgstjenester/>
- Statistisk sentralbyrå:
 - <https://www.ssb.no/>
- Stortingsmeldingar
 - *Meld. St. 47 (2008 – 2009) Samhandlingsreformen*
 - *Meld. St. 46 (2014 – 2015) Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet*

8. Vedlegg

8.1 Rammeplan for KOMPIS-stillingar

8.2 Skisse til 5-årig pilotprosjekt

8.3 Forslag til særavtale for samarbeid om spesialisering av psykologar i kommunane

8.4 Forslag til interkommunal samarbeidsavtale om psykologstillingar i spesialisering i kommunane (KOMPIS-stillingar)

8.5 Mandat for vidareføringsfase 2020/21